



Suldal kommune

Eigarskapsmelding 2019

Innholdsfortegnelse

| | |
|--|---|
| Innleing..... | 3 |
| Generelt om eigarskap | 3 |
| Litt om ansvaret: | 3 |
| Selskapsformer | 3 |
| Eigardel..... | 3 |
| Grad av styring og kontroll | 4 |
| Styreverv..... | 4 |
| Endringar frå førre melding – politisk | 5 |
| Endringar frå førre melding – drift | 5 |
| Samla selskapsoversyn | 6 |
| Presentasjon av kvart selskap | 7 |
| AL – Andelslag / Samvirkeføretak..... | 7 |
| AS – Aksjeselskap | 7 |
| IKS – Interkommunale selskap | 11 |
| KF – Kommunalt føretak..... | Feil! Bokmerke er ikke definert. |
| S- Stiftelse..... | 13 |

Innleing

Suldal kommune har eigarinteresser i mange selskap, som forvaltar viktige verdiar, interesser og samfunnsfunksjonar. Nokon har vi oppretta sjølve, mens andre har vi kjøpt oss inn i. I denne meldinga får du presentert dei ulike selskapa, og du får ein oversikt over endringar i frå førre melding.

Generelt om eigarskap

Det er fleire skriv knytt til det med og vere offentleg eigar, blant anna eigarskapsmeldinga til regjeringa, St melding 13 (2006/2007) *“Et aktivt og langsiktig eierskap”* og KS sitt skriv *“Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak”*.

Det kan vere både politiske og finansielle grunnar for og skilje ut drift i eige selskap, eller vere medeigar i eit selskap. Motivasjonen for å danne eit selskap kan vere for eksempel å effektivisere tenesteproduksjonen eller for å kunne lettare utføre oppgåver på tvers av kommunegrenser, eller for å yte felles press for utvikling av regionen. Det negative er at ein flyttar makt frå kommunestyret til styra i dei einskilde selskapa noko som gir mindre demokratisk kontroll.

Litt om ansvaret:

- Ansvar for eigarstyring er politisk.
- Kommunestyret utøver eigarskapet gjennom generalforsamling / representantskap. Alle føretak og selskap bør følgjast opp systematisk ved at årsrapporter og årsrekneskap vert meldt politisk.
- Representant på generalforsamling / i representantskap har ansvar for å sende protokoll, årsrapport og årsrekneskap til kommunen.


Selskapsformer

- IKS (interkommunalt selskap): Eige rettssubjekt. Berre kommune/fylkeskommune kan delta i selskapet. Andre føretak / personar kan ikkje vere deltakar. Uavgrensa ansvar. Representantskapet er øvste organ.
- AS (aksjeselskap): ansvar for innskott kapital. Generalforsamling er øvste organ
- SA: Samvirkeføretak
- Stiftelse: Eig seg sjølve. Øvste organ er styret.
- KF (kommunalt føretak). Ein del av kommunen. Kommunestyret er øvste organ, men oppfølging av drifta går via styret.

Eigardel

- 91% Ein kan tvangsutløyse dei andre aksjonærene
- 67% Endring av vedtekter krev 2/3 av stemmane.
- 51% Utbetaling av utbytte, godkjenning av årsrekneskap og val av styremedlemmer krev meir enn 50% av stemmane.
- 34% Negativ kontroll. Ein kan blant anna stoppe vedtekt endringar.

Grad av styring og kontroll

| Forvaltning  Konkurransesituasjon  | | | Fristilling Stiftelsesloven |
|--|--|--|--|
| Kommuneloven | Interkommunale selskap | Aksjeloven | |
| Etat (§10) Institusjon (§11) Foretak (kap.11) Verstkommune (§28) Samarbeid (§27) Grunnstruktur: -Kommunestyret -Formannskap/Utvalg -Rådmann "Eiere": Eiers(kommunens) ansvar -Innbyggere -Ubegrenset -Næringsliv -Ordfører juridisk person Integrert del av kommunen | Interkommunalt selskap (IKS) Grunnstruktur: -Representantskap -Styre -Daglig leder Eiere: Begrenset Eiers ansvar: Ubegrenset Styrerepresentanter: Ubegrenset økonomisk og strafferettslig ansvar (solidarisk økonomisk ansvar) jfr akse,- IKS- og Stiftelsesloven Selvstendig rettssubjekt | Aksjeselskap (AS) Grunnstruktur: -Generalforsamling -Styre -Daglig leder Eiere: Begrenset Eiers ansvar: Begrenset til innskutt kapital | Stiftelse Grunnstruktur: -Styre -Daglig leder Ingen eiere |

Kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskapa.

Styreverv

Styreverv er eit personlig verv. Styrerepresentanten representerer selskapet (ikkje parti eller kommune). Styret skal ivareta selskapet. Oppgåvene til styret:

- Forvaltning av verksemda
- Sørgje for forsvarleg organisering.
- Helde seg orientert om den økonomiske stillinga til verksemda.
- Føre tilsyn med leiinga og verksemda.

(Kjelde: *Styring og eierskap i kommunalt eide selskap, V. Rasch Kundsén 2007*)

Det er krav om 40% kvinner i styret, jfr IKS-lova. Det gjeld og i AS kor kommunane og fylkeskommunane eig meir enn 2/3 av verksemda.

Honorar til styret skal kome frem i årsrekneskap og/eller i årsmeldinga.

Styreverv bør ein registrere på www.styrevervregisteret.no.

Endringar frå førre melding – politisk

Det har skjedd følgjande endringar sida førre melding blei laga:

- Suldal Elverk KF har blitt fusjonert med Haugaland Kraft AS i bytte mot aksjar. Eigardelen er på 2,89%. Vedtaket blei gjort i desember 2018, jf kommunestyresak 71/18. Den endelege avtalen blei underteikna i februar.
- Ryfylke Miljøverk IKS blir lagt ned ved nyttår etter ønske i frå fleire av eigarkommunane. Kommunestyret har vedtatt å melda kommunen inn i IVAR IKS, jf kommunestyresak 46/19.
- Suldal bad publikum AS blei vedtatt oppretta i september 2018, jf kommunestyresak 49/18. Selskapet skal drifta publikumsbadinga i Suldal Bad. Selskapet blei formelt oppretta i 2019.
- Suldal kommune har slutta seg til Haugaland vekst sin nye selskapsavtale, jf. kommunestyresak 16/19. Under fakta i saka står at endringa «skal gjera selskapet meir tydeleg som eit regionalt påverknadsorgan».

Endringar frå førre melding – drift

Nokon punkt i frå generalforsamling/representantskap, rekneskap og årsmelding til dei einskilde selskap:

- Gullingen Utviklingsselskap har positivt resultat og positiv egenkapital etter fleire dårlege år.
- Rygjatun Eigedom AS har hatt negativt resultat fleire år på rad. Drifta gjekk i pluss i 2018, men totalresultatet inkludert finans er i minus. Rygjatun eigedom har store vedlikehaldskostnader og høge investeringar for å tilpasse bygga til tekniske og funksjonelle krav. Økonomiplanen legg opp til kommunal tilskot til rehabilitering av eigedomen med 1 million årleg i perioden 2018-2020.
- Suldalsposten AS har hatt to år på rad med positive tal.
- Ryfylke Miljøverk IKS har hatt negativt resultat fleire år på rad. Det er bevisst strategi. Selskapet har hatt mange gode år og pengar på bok. Dette kjem no kundane til gode gjennom lågare renovasjonsgebyr.
- Stiftingane går bra (Suldal Bustadstifting, Hiismoenkollektivet og Ryfylkemuseet).

Samla selskapsoversyn

| Eigarskapsmelding 2019 - vedlegg til 2 tertialrapport 2019 | | | | Inntekt = driftsinntekt | | | | |
|--|------------------------------------|------------|--------------|-------------------------|-----------------|-----------|-------------|------------------------------------|
| | | | | i hele tusen | | | | årsresultat 2018 før skattekostnad |
| | Selskap | Del | Verdi | Inntekt | Resultat | E | EK % | Generalforsamling |
| AS | BYGGOPP Rogaland AS | 0,20 % | 1 | 13 085 | 404 | 16 780 | 38,5 % | Ordfører |
| | E134 Haukelivegen AS | 2,17 % | 10 | 1 214 | -195 | 3 505 | 92,5 % | Ordfører |
| | Gullingen Utviklingselskap AS | 10,99 % | 23 | 1 950 | 1 624 | 2 148 | 73,8 % | Ordfører |
| | Haugaland Kraft AS (mor) | 2,89 % | | 139 393 | 202 495 | 1 992 666 | 62,0 % | Ordfører |
| | Kommunekraft AS | 0,30 % | 1 | 2 068 | 154 | 1 923 | 94,2 % | Ordfører |
| | Lysefjorden Utvikling AS | 1,60 % | 50 | 7 033 | 92 | 1 709 | 30,3 % | Ordfører |
| | Norsk Bane AS | 11,81 % | 1 232 | 1 924 | -69 | 65 | 24,4 % | Ordfører |
| | Reisemål Ryfylke AS | 8,82 % | 60 | 4 620 | -99 | 1 249 | 56,5 % | Ordfører |
| | Rygjatun Eigedom AS | 100 % | 8 100 | 8 103 | -155 | 409 | 4,9 % | Ordfører |
| | Rysteg AS | 22,53 % | 250 | 13 916 | 334 | 5 749 | 73,4 % | Ordfører |
| | Suldal Bad Publikum AS | 100,00 % | | | | | | Ordfører |
| | Suldal Vekst AS | 26,44 % | 243 | 8 204 | 150 | 1 377 | 35,4 % | Ordfører |
| | Suldalposten AS | 34 % | 139 | 6 663 | 207 | 1 922 | 51,0 % | Ordfører |
| | Selskap - IKS - delt ansvar | Del | Verdi | Inntekt | Resultat | E | EK % | Representantskap |
| IKS | Haugaland Brann og redning IKS | 3,44 % | | 3 683 | -2 930 | 1 248 | 1,4 % | |
| | Haugaland Kontrollutv. IKS | 3,40 % | 0 | 2 019 | 65 | 664 | 70,3 % | Vanja Ignjatic |
| | Haugaland Vekst IKS | 9,09 % | 100 | 15 647 | 366 | 6 347 | 48,3 % | Ordfører |
| | Interkom. Arkiv i Rogaland IKS | 5,94 % | 0 | 12 407 | -150 | 4 458 | 21,0 % | Rådmannen |
| | Krisesenter Vest IKS | 2,29 % | 0 | | | | | Rådmannen |
| | Rogaland Revisjon IKS | 1,08 % | 0 | 24 878 | 540 | 4 759 | 18,0 % | Gerdt Helen Bø |
| | Ryfylke Miljøverk IKS | 16,48 % | 310 | 52 949 | -2 032 | 3 262 | 8,2 % | Berit Haugland og Eskil Nerheim |
| | Ryfylke IKS | 20,00 % | 305 | 10 438 | 251 | 2 853 | 27,6 % | Ordfører |
| | Selskap | Del | Verdi | Inntekt | Resultat | E | EK % | Styret |
| SA | Biblioteksentralen SA | 0,01 % | | 125 324 | -7 127 | 289 235 | 63,5 % | Aud Marit Hauge |
| S | Suldal Bustadstifting | | | 2 325 | 318 | 1 493 | 7,8 % | Anita Kristensen |
| | Hiismoenkollektivet | | | 45 283 | 3 539 | 18 053 | 48,5 % | Tone Mari Sand |
| | Ryfylkemuseet | | | 15 364 | 1 544 | 9 480 | 51,7 % | Tormod Skeie |

- Del: vår eigardel i selskapet
- Verdi: bokført verdi i kommunerekneskapet av vår eigardel per 31.12.
- Inntekt: Omsetning
- Resultat: Årsresultat
- E: totale eigendelar
- S – stiftelse kor me har 1 eller fleire styrepresentantar.

Presentasjon av kvart selskap

Her skriv vi om selskapet, vårt formål og om endringar. Finansiell nøkkelinformasjon finn du i tabellen i kapittel "Samla selskapsoversyn".

SA – Andelslag / Samvirkeføretak

| Biblioteksentralen SA | |
|------------------------------|--|
| Formål | Tilbyr produktar og tenester til norske bibliotek |
| Internett | www.bibsent.no |
| Eigardel | 0,01% |
| Andre eigarar | Alle kommunar/fylkeskommunar |
| Motiv for eigarskap | Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. |

AS – Aksjeselskap

| BYGGOPP Rogaland AS | |
|----------------------------|--|
| Formål | Oppfølging og opplæring av lærlingar, og rekruttering til bygg- og anleggsbransjen. Bindeledd mellom skule, fylket og bedrifter. Avdelingskontor på Sand: Ryttopp |
| Internett | www.rogaland.byggopp.no |
| Eigardel | 0,2% |
| Andre eigarar | Kommunar i Rogaland, fylkeskommunen, |
| Motiv for eigarskap | Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Me ønskjer å vere ei god lærlingbedrift kor me ønskjer å sikre stabilitet og kvalitet på arbeidet. |

| Gullingen Utviklingsselskap AS | |
|---------------------------------------|--|
| Formål | Forvaltning av utmarksareal. Utbygging av fritidsbustader og reiselivsanelegg. Sal av varer og tenester. |
| Internett | www.gullingen.com |
| Sentrale oppgåver | Selskapet sel naturtomter. Suldal kommune byggjar ut VA-anlegg i området. |
| Dotterselskap | Mostøl VVA AS |
| Eigardel | 10,99% |
| Andre eigarar | Grunneigarar |
| Motiv for eigarskap | Medlem av grunneigarlaget. Utvikling av området. |

| Haukelivegen AS | |
|------------------------|--|
| Formål | Arbeide for utbygging og standardheving av E134 |
| Internett | www.134.no |
| Sentrale oppgåver | Nye tunnellar Røldal-Haukelifjell. Haugalandspakka. Stordalen i Etne. Bompengeprojekt. |
| Eigardel | 2,8% |
| Andre eigarar | Kommunar, fylkeskommunar |
| Motiv for eigarskap | Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Regionsutvikling. |

| Haugaland Kraft AS | |
|---------------------------|---|
| Formål | Selskapet er eigd av kommunane. Selskapet sel, produserar og distribuerar elektrisk kraft. Selskapet sel internetttenester/fiberlegging. Med meir. Selskapet har lokalkontor på Sand. Forvalte konsesjonskraft på vegne av kommunen. |
| Sentrale oppgåver | Nettdrift, kraftomsetning, produksjon av kraft, utbygging av breiband, drift av veglys |
| Internett | hkraft.no |
| Eigardel | 2,89% |
| Øvste organ | Styret |
| Motiv for eigarskap | Lokalt eigarskap. Sikre oppfølging av nettet i Suldal. Langsiktig investering (stabil og god inntening for kommunen). |

| Lysefjorden Utvikling AS | |
|---------------------------------|--|
| Formål | Arbeide for utvikling av reiseliv i regionen med særskild fokus på Lysefjord-området |
| Internett | |
| Sentrale oppgåver | |
| Eigardel | 1,6% |
| Andre eigarar | Kommunar, fylkeskommunar |
| Motiv for eigarskap | Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Regionsutvikling. |

| Kommunekraft AS | |
|------------------------|--|
| Formål | Formidle aksjeeigarane si disponible kraft, inkludert konsesjonskraft, og drive anne verksemd i tilknytning til dette. |
| Internett | www.lundogco.no/kommunekraft |
| Eigardel | 0,3% |
| Andre eigarar | Kommunar og fylkeskommunar |
| Motiv for eigarskap | Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. |

| Norsk Bane AS | |
|----------------------|--|
| Formål | Utredning og prosjektering av høgastighetstog i Noreg |
| Internett | www.norskbane.no |
| Eigardel | 11,81% |
| Andre eigarar | >6% Vinje, Sauda, Odda, Bykle |
| Motiv for eigarskap | Regional utvikling |

| Reisemål Ryfylke AS | |
|----------------------------|--|
| Formål | Marknadsføring av reiselivsnæringa i Ryfylke |
| Internett | www.ryfylke.com |
| Eigardel | 8,82% |
| Andre eigarar | Kommunar i Ryfylke |
| Motiv for eigarskap | Utvikling av reiselivsnæringa. Marknadsføre Suldal. |

| Rysteg AS | |
|---------------------|---|
| Formål | Gjennom ulike arbeidsretta tilbod leggje til rette for at fleire blir inkludert i arbeidslivet. |
| Internett | www.rysteg.no |
| Eigardel | 22,53% |
| Andre eigarar | Sauda kommune, Eramet Norway AS, Sparebanken Vest, m.fl. |
| Motiv for eigarskap | Skaffe arbeid til fleire grupper som har vanskar for å komme inn på arbeidsmarknaden. |

| Suldal Bad Publikum AS | |
|-------------------------------|---|
| Formål | Drive publikumsbadinga i Suldal Bad |
| Avtale | Avtale om drift av publikumsbadinga |
| Internett | |
| Eigardel | 100% |
| Andre eigarar | Nei |
| Motiv for eigarskap | Skilje publikumsbadinga i frå kommunal drift. Selskapet er eit non-profit-selskap. Selskapet skal sikre at det blir publikumsbading i Suldal bad til ein konkurransedyktig pris (samanlikna med andre svømmehaller i regionen). |

| Suldal Vekst AS | |
|------------------------|---|
| Formål | Innovasjon og næringsutvikling. Leggje til rette for nyskaping og vekst i nytt og eksisterande næringsliv. |
| Avtale | Kjøp av teneste – næringsutvikling |
| Internett | suldalvekst.no |
| Eigardel | 26,44% |
| Andre eigarar | Private |
| Motiv for eigarskap | Næringsutvikling. Skape arbeidsplassar. Markedsføre kommunen. Kommunen sin vertskapfunksjon for reiselivet. |

| Suldalsposten AS | |
|-------------------------|--|
| Formål | Lokalavis i Ryfylke |
| Avtale | Kjøp av annonseplass og abonnement |
| Internett | www.suldalsposten.no |
| Eigardel | 34% |
| Andre eigarar | Private |
| Motiv for eigarskap | Kontroll med driftsform / vedtekter for å sikre vidare drift. Sikre lokalt eigarskap |

IKS – Interkommunale selskap

| Haugaland brann og redning IKS | |
|---------------------------------------|---|
| Formål | Brannsamarbeid for å oppfylle lovbestemte krav |
| Internett | |
| Eigardel | 3,44% |
| Andre eigarar | Kommunar |
| Motiv for eigarskap | Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Kommunane har utarbeida ein eigarstrategi for selskapet. |

| Haugaland Kontrollutvalgsekretariat IKS | |
|--|--|
| Formål | Tilby sekretariattjenester til kontrollutvala i deltakarkommunane og nærliggjande kommunar |
| Internett | www.kontrollutvalgene.no |
| Eigardel | 3,4% |
| Andre eigarar | Kommunar |
| Motiv for eigarskap | Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. |

| Haugaland Vekst IKS | |
|----------------------------|---|
| Formål | Arbeide med regional utvikling og er sekretær for regionrådet for Haugalandet |
| Internett | www.haugalandvekst.no |
| Eigardel | 3,4% |
| Sentral oppgåve | Utvikle samarbeidet i høve føremålet |
| Andre eigarar | Kommunar |
| Motiv for eigarskap | Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. |

| Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS | |
|--|---|
| Formål | Bidra til forsvarleg ordning og oppbevaring av eldre og avslutta arkivmateriale, ei rasjonell og effektiv arkivdanning, og bygge opp arkivkompetansen |
| Internett | lkarogaland.no |
| Eigardel | 5,94% |
| Andre eigarar | Kommunar og interkommunale samarbeidsordningar |

| | |
|---------------------|---|
| Motiv for eigarskap | Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Det kan vere med på å betre våre eigne rutinar for arkivering. |
|---------------------|---|

| Ryfylke Miljøverk IKS | |
|------------------------------|--|
| Formål | Å løyse avfallshandteringa til eigarkommunane på ein best mogleg måte. |
| Internett | www.rymi.no |
| Eigardel | 16,48% |
| Andre eigarar | Strand, Finnøy, Hjelmeland, Forsand |
| Motiv for eigarskap | Sikre god og effektiv forretningsmessig drift av avfallshandteringa |

| Krisesenteret Vest IKS | |
|-------------------------------|---|
| Formål | Sikre etterleving av krisesenterlova, og vere eit rådgivande organ. |
| Internett | Krisesentervest.no |
| Eigardel | 2,29% |
| Andre eigarar | 17 kommunar |
| Motiv for eigarskap | Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. |

| Rogaland Revisjon IKS | |
|------------------------------|--|
| Formål | Gjennomføre revisjonstenester for kommunen |
| Internett | |
| Eigardel | 1,08% |
| Andre eigarar | Kommunar i Rogaland |
| Motiv for eigarskap | Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. |

| Ryfylke IKS | |
|--------------------|--|
| Formål | Få til interkommunalt samarbeid på generell basis med hovudvekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsprosjekt. |
| Internett | www.ryfylkeiks.no |
| Sentrale oppgåver | Ryfylke etter Ryfast, Næringsareal, Transportutfordringar, Reiseliv, Energi, Kultur, Breband, Mobil, Sekretariat for Ryfylkefondet |
| Eigardel | 20% |
| Andre eigarar | Finnøy, Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal og Sauda |

| | |
|---------------------|--|
| Motiv for eigarskap | Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Sikre regional utvikling. |
|---------------------|--|

S- Stiftelse

| | |
|------------------------------|--|
| Suldal Bustadstifting | |
| Formål | Bygging og drift av utleigebustader |
| Sentrale oppgåver | Drifte 36 utleigebustader i Dalane, Sand |
| Styret | Utnemnt av kommunestyret |

| | |
|-----------------------------|--|
| Hiimsmoenkollektivet | |
| Formål | Gi et langvarig tilbud til ungdom (elev) med blant annet rusproblemer |
| Sentrale oppgåver | Kollektiv på Hiimsmoen, mindre bufellesskap i Stavanger, behandling i egen bustad. Mangfaldig aktivitetstilbod, veletablert skule- og arbeidstreningstilbod, familiearbeid, terapi |
| Styret | 1 frå Suldal kommune av totalt 6 styremedlemmer |

| | |
|----------------------|--|
| Ryfylkemuseet | |
| Formål | Regionalt museum for Ryfylke |
| Internett | www.ryfylkemuseet.no |
| Sentrale oppgåver | Ta vare på historia og kulturminner, tilby kunnskap og oppleving, |
| Styret | 1 representant frå kvar kommune |
| Avtale | Vi betalar NOK 1,57 millionar kr i året kor 1,17 millionar gjeld vertskommunestøtte og 0,4 millionar er støtte til Lølandsenteret. |